

**From:** Lunden Gudmund <gudmund.lunden@vegvesen.no>  
**Sent:** 27. mai 2017 08:17  
**To:** Marthinsen Kirsten  
**Subject:** Øvre Kvemma Kraftverk i Lærdal kommune

Hei.

Som eigar av gnr 67 bnr 7 i Lærdal undrar det meg at eg ikkje er orientert av verken utbygger eller NVE om dei endra planane for dette kraftverket. Sjølv om min eigedom ikkje direkte vert berørt av planane, den nedgravde røygata berre tangerar tomtegrensa, hadde eg forventa å verte informert. At eg no i det heile kom over dei endra planane skuldast tips frå andre i bygda. Av den grunn kjem denne merknaden lenge etter at høyringsfristen er gått ut.

Eg vil understreka at eg absolutt ikkje set meg i mot planane, men eg forventar at utbygger legg fram planar om korleis dei best mogleg kan avgrense ulemper som støy og støv under utbygginga og at eg fortløpande vert halden orientert om saka.

Med helsing

Gudmund Lunden  
Borgundsvegen 220  
6888 Borgund

E-post adresse jobb: [gudmund.lunden@vegvesen.no](mailto:gudmund.lunden@vegvesen.no)

E-post adresse privat: [gudmund.lunden@sogn.no](mailto:gudmund.lunden@sogn.no)